

Justis- og beredskapsdepartementet  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

v/ Berit Johansen

Vår ref:  
21/00048-2

Saksbehandlar:  
Anders Prydz Cameron

Dato:  
2. februar 2021

## Høyring - forslag til regler om gjennomføring av straff ved utbrot av allment farleg smittsam sjukdom eller anna ekstraordinær og alvorleg hending

Barneombodet viser til høyringsbrev datert 8. januar 2021 med forslag til endringar i straffegjennomføringslova. Vi har to merknadar til forslaga.

### 1. Besök og mindreårige

Det er positivt at departementet understrekar viktiga av å legge best mogeleg til rette for kontakt mellom barn og foreldre i merknadane til ny § 45 b. For Fangers Pårørende skriv på sine nettsider at restriksjonar på besök har vore ei belastning for fleire pårørande i samband med den pågåande pandemien, og det er viktig at både mindreårige innsette og barn som pårørande til innsette vert tekne mest mogeleg omsyn til i slike høve. Vi ser at forslaget legg opp til at det skal bli gjort gode vurderingar av forholdsmessigheit når barn eventuelt skal bli nekta besök, og det er viktig at dette vert gjort òg i praksis. Det er positivt at det skal vere mogleg å gjere unntak frå ein hovudregel om ikkje å tillate besök i to ukar, og at unntaket særleg er retta inn mot å gjennomføre besök mellom barn og foreldre. Det er viktig at dette er eit reelt unntak som vert praktisert i tråd med merknadane i høyringsnotatet, og at ikkje føre var-prinsipp og praktiske omsyn i praksis går framfor retten barn har til kontakt med foreldra sine.

### 2. Å utelukke frå fellesskapet – mindreårige er særleg sårbare

Departementet foreslår ny § 45 c som skal gjelde å lukke ute frå fellesskapet når ein innsett blir pålagd isolasjon eller karantene, eller har symptom foreinleg med dette. Barneombodet ser at det kan vere behov for ein slik regel, og ser at det her òg er lagt opp til ein vurdering av om ei avgjerd om å lukke ute frå fellesskapet er uforholdsmessig for den det gjeld, i tråd med krava i EMK og andre menneskerettskonvensjonar. Likevel minner vi om at barn og unge er ei særleg sårbare gruppe, og at det er avgjerande at mindreårige ikkje vert isolerte frå jernaldrane meir enn heilt naudsynt. Terskelen for når det å lukke ute nokon frå fellesskapet er uforholdsmessig vil ikkje vere lik for barn og vaksne. Verknaden av isolasjon på mindreårige er mellom anna drøfta i Sivilombudsmannen sin særskilde melding til Stortinget (Dokument 4: 3 2018/2019). Isolasjon, sjølv i kortare periodar, kan utgjere ei trugsel mot barnet sin rett til optimal utvikling i artikkel 6 i barnekonvensjonen og rettane til unge lovbrytarar i artikkel 27 og 40. Vi kan ikkje sjå at mindreårige innsette sin særlege sårbartheit er drøfta i samband med forslaget til ny § 45 c.

Karl Johans gate 7,  
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,  
0028 Oslo

Behovet for særlege og ekstra kraftfulle og tilpassa tiltak for å kompensere for skadeverknadene på mindreårige ved å verte utelukka frå fellesskapet er heller ikkje nemnd i sjølve lovteksten eller merknaden til den. Vi meiner at det ikkje held at § 37 fjerde til sjuande ledd gjeld òg når mindreårige vert utelukka etter § 45 c. § 37 har reglar om rapportering og tilsyn, men ikkje om behovet for andre, effektive tiltak for å kompensere for moglege isolasjonsskadar, til dømes meiningsfylt kontakt med unge på same alder. Vi anbefaler departementet å klargjere dette ytterlegare, enten i sjølve lovteksta eller i forarbeida.

Med venleg helsing

Camilla Kayed  
fagsjef

Anders Prydz Cameron  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Karl Johans gate 7,  
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,  
0028 Oslo